

Klyngetunet – den norske landsbyen

Av Eva Røyrane Foto: Oddleiv Apneseth

(Ref. Boken KLYNGETUNET Skald Forlag 2018 - ISBN 978-82-7959-268-6)

Mange tusen klyngetun blei borte under moderniseringa av det norske landbruket i perioden 1860 – 1920. Ein fleire hundre år gammal landsbykultur gjekk dermed tapt, kulturlandskapet vart endra for alltid og bygdene fekk ein heilt ny byggeskikk. Men av ulike årsaker vart nokre av dei gamle tette fellestuna ståande.

Ingen kan fortelja kor mange klyngetun det var her i landet før det statlege jordskiftet som tok bonden inn i pengesamfunnet, og ingen har talet på kor mange slike landsbyliknande tun som framleis finst. Kanskje var det opp mot ti tusen og kanskje finst det hundre att.

Klyngetunet, som også kan vera organisert som ei rekke, har opphavet i ein stor mellomaldergard som frå 1600-talet og framover, på grunn av folkeauke, blei delt på fleire brukarar. Fordi det var viktig å spara jord, vart alle husa liggjande vegg i vegg. Rundt husklynga låg innmarka som eit lappeteppe, inndelt i mange små teigar. Slik blei det fordi alle skulle ha like mykje god jord og like mykje av den dårlege.

Teigdeling var vanleg over heile landet, ikkje berre rundt eit klyngetun. Det har funnest klyngetun i alle fylke, men flest slike fellestun var det vestom Langfjella frå Agder i sør, til Troms i nord. I gode jordbruksbygder austafjells og i Trøndelag var det ikkje garddeling på same måten, der blei odelsbonden og familien hans oftast buande åleine med husa samla rundt eit firkanttun. Blei garden likevel delt, etablerte nye brukarar gjerne eit eige tun tett inntil det opphavlege. Det er han som åleine rår over gard og grunn vi oftast har høyrte om når historia om den norske bonden blir fortalt. Det har vore mindre snakk om bonden som delte jord og tun med fleire naboar.

Bøndene i klyngetuna var mangesyslarar, dei kunne klara seg utan mykje jord fordi dei også dreiv med anna arbeid som bidrog til levebrødet. Dei fiska og fangsta, var mannskap til sjøs eller jekteskipparar, dei bygde båtar eller var handverkarar av anna slag.

Fordi det var flest klyngetun på vestkysten og innover i fjordane, er det også her vi finn flest attståande tun i dag. Boka *Klyngetunet – Den norske landsbyen* dokumenterer femti eksisterande tun. Førti av desse er levande tun med fastbuande i dei fleste våningshusa, eit par tun er fråflytta men i bruk av ferierande, seks av tuna er museum og like mange tun er freda. I mange av klyngetuna er det framleis aktiv landbruksdrift, andre er bustad for folk som har arbeidet utanfor tunet.

Det er ulike årsaker til at nokre husklynger ikkje blei splitta opp då bønder flest flytta ut or hopehavet og etablerte seg åleine på kvart sitt nye tun. Oftast handla det om rasfare. Når tuna ligg under farlege fjell, har det ikkje vore tilrådeleg å byggja hus andre stader enn der

garden opphavleg vart plassert. Andre stader er det årlege flaumar som held tunet samla. Det kunne vera at eine brukaren like før utskiftinga hadde bygd ein stor låve som det var umogeleg for naboane å løysa ut, og vi har døme på at dei som skulle flytta ut droppa planen for å sleppa øydeleggja den gamle frukthagen.

I husklynga på den gamle garden budde det frå to til tolv-femten brukarar. Dei store klyngene kunne ha hundre ulike bygningar og to hundre innbyggjarar. Men somme klyngetun var endå større. Størst var bondelandsbyane på Lista og i Nord-Noreg. Garden Vere på Lista hadde femti brukarar. Landsbyen Bleik på Andøya, der det i dag bur 450 menneske, har utgangspunkt i ein gammal gard. Framleis eig 86 grunneigarar på Bleik deler av denne garden. Dei eig teigar i innmark, utmark og ved sjøen i tillegg til hus og hage midt i landsbyen.

Hopehavet var tett i klyngetunet, dei som budde der delte ikkje berre dagleglivet mellom husa, også i arbeidet var dei sterkt avhengige av kvarandre. Det seiast at dei måtte jobba i takt. Det var praktisk å spa opp åkeren samstundes og å stå jamsides med kvar sin langorv på slåtteteigen. Når dei slo felles utmark ilag, delte dei høyet når dette var frakta ned til bøgarden. Dei sleppte dyra på beite same dagen og henta dei heim samstundes. Uskrivne reglar regulerte fellesskapet, i fleire tun var det ein ordensmann som såg til at alle gjorde det dei skulle og han prøvde å rydda opp når det vart usemjer. Rettsprotokollane tyder på at konfliktane fanst, tunet var trangt ikkje berre reint fysisk, men innbyggjarane i tuna fekk nok også god trening i å tilpassa seg og øving i å styra unna dei verste stridane.

Det tette tunet gav tryggleik, innbyggjarane hadde både glede og nytte av kvarandre. Det var sjølv sagt å delta når ein av bøndene inviterte til dugnad. Like sjølv sagt var det at han som inviterte, baud på mat og drikke når arbeidet var ferdig. Slik fellesinnsats var heilt nødvendig til dømes når det skulle bytast torv på eit av hustaka eller byggjast nye hus. Det var ikkje alltid den nye familien som kom til tunet etter ei garddeling hadde høve til å byggja seg hus med ein gong. Då delte fleire familiar bustad. Det er mange forteljingar om at fire familiar budde i kvart sitt hjørne av ei stor røykstove. På garden Vikøy i Kvam, der dei budde slik, seiast det at karane flytta saman i ei seng for å prata kvar morgon medan kvinnene laga til frukost. Det er også døme på at fleire brukarar delte løe.

Mange klyngetun hadde fellesfunksjonar av same type som vi finn i landsbyar lenger sør i Europa. Her var skule, butikk, posthus og gjerne meieri. I tilknyting til den gamle mellomaldergarden låg det gjerne ei kyrkje. Slik var det blant anna på Urnes i Sogn der restane av tunet ligg like nedom stavkyrkja. Alle tun hadde minst ein fast møteplass, der folk møttest både for å løysa verdsproblem og ta ein pust i bakken ilag med naboane.

Klyngetunet var ikkje staden for innovasjon og sprelske påfunn. Her var det om å gjera å driva på slik dei alltid hadde gjort. Den metoden hadde fungert i fleire hundre år, men kring 1850, då meir moderne tider var på veg, vaks det fram eit ønske om endring også blant bønder i fellestun. Odelsgutar kom gjerne heim frå landbruksskulen med ein plog i bagasjen. Men innmarksteigane var for små til at det var mogeleg å ta slik ny gardsreiskap og nye driftsmetodar i bruk. Dessutan hadde blant anna embetsmennene lenge bekymra seg over dårlege hus og slett hygiene i mange gamle tun. På Stortinget blei saka teke opp til drøfting fleire gonger i første halvdel av 1800-talet. Først i 1857 kom lova som sa at om ein av

brukarane i fellestunet ønskte utskifting, så skulle jorda delast opp på nytt. Kvar bonde skulle få eit stort stykke jord som han kunne driva slik han ville. Lova sa ikkje noko om at klyngetuna skulle splittast, men i praksis var det det som skjedde. Kvar bonde etablerte nytt tun på den tildelte jorda. Mange plukka ned brukande tømrastover og tok både tømmer og steinane frå den gamle grunnmuren med på flyttelasset. Andre bygde heilt nye hus, bustadhus i sveitserstil vart eit vanleg syn, og nye store driftsbygningar med fjøs og løe under same taket. Også dei som blei att i det gamle tunet moderniserte etter kvart både bustadhus og uthus.

Dei attståande klyngetuna som er presenterte i den nye boka har frå ein til 450 fastbuande og frå to til 86 eigarar. Agatunet i Ullensvang og Havråtunet på Osterøy som tidleg vart freda og fekk status som museum, er store og autentiske tun der lite er endra. I dei tuna der innbyggjarane har levd som nordmenn flest dei siste hundre åra, er det naturleg nok gjort fleire endringar. Her er gamle hus borte, nye har kome til, hus er blitt flytta på, nye vegar har kome til og tunet er ikkje lenger så tett. Men også her finst det gamle hus, ferdsleveggar og andre strukturar som fortel om korleis dei innretta seg før utskiftinga. For i dei fleste attståande tun blei det rydda opp i jordtilhøva, også her fekk kvar bonde samla gamle teigar i større jordstykke slik at han kunne modernisera drifta.



Klyngetunet på Aga

Ullensvang hadde mange klyngetun på begge sider av Sørfjorden. Eit av dei var garden Opedal på Lofthus med fjorten brukarar og to hundre innbyggjarar. Saman med Austrheim i Gloppen var dette eit av dei største tuna på Vestlandet. Då tunet i Opedal vart oppløyst blei 67 hus flytta til nye tun på garden. På Austrheim låg det så mange hus på kryss og tvers i klynga at det var vanskeleg å finna fram. Skreppehandlaren som var lei av å banka på same døra fleire gonger, løyste problemet med å setja ein kritkross på dei stovene han var ferdig med.

I Ullensvang er det framleis mange klyngetun, fleire enn nokon annan stad i landet. På vestsida av fjorden, i ei mils omkrins frå Agatunet ligg sju andre tette tun på rad og rekke: Reiseter, Kambestad, Kvestad, Kråkevik, Rogdo, Velure og Brandstveit. Dette er busette tun der alle bøndene driv med frukt, somme har sauer og nokre har kyr. Den største mjølkebonden i kommunen held til i tunet på Kvestad.

Dei som framleis bur vegg i vegg med naboen er ikkje avhengige av kvarandre slik dei var i det gamle tunet, dei har ikkje lenger eit tett arbeidsfelleskap, men fleire stader samarbeider naboane blant anna om større maskiner. Mange av dagens innbyggjarar i klyngetun har arbeidet sitt utanfor tunet og har på alle måtar meir kontakt med samfunnet utanfor tungata enn det dei gamle hadde.

I mange attståande tun er det hus som kan sporast fleire hundre år tilbake i tid. Agatunet har Lagmannsstova som er datert til kring 1220 og altså er mykje eldre. Dette er truleg landets eldste eksisterande verdslege bygning. Lagmannstova var storstova til riddaren Sigurd Brynjulfsson, stova var rettslokale før ho blei bustad for fire familiar i Agatunet. Etter kvart ville dei riva fellesstova og byggja kvar sine hus. Ein bergensar som kom forbi fekk overtalt dei til å droppa planen om riving. Difor står framleis storstova i dette tunet som er eit av landets mest kjende klyngetun.

Havråtunet er også velkjent blant mange. Her er ikkje berre husa freda, men heile kulturmiljøet. Museumssenteret i Hordaland driv tre av åtte bruk på Havrå på gamlemåten, med fem fast tilsette gardsarbeidarar og tjue sommarvikarar som er med på å få avlinga i hus. Då dei åtte bøndene på Havrå dreiv sjølve fylte dei 400 hesjar med høyr kvar sommar. No nøyer dei seg med seksti hesjar i dei bratte bakkane! Når høyet er tørt ber dei det på ryggen i hus. Havrå er staden å reisa til om ein vil studera både bygningsmiljøet og dei gamle arbeidsmetodane som var vanlege i det landsbyliknande tunet.



Klyngetunet Åros som vender seg mot bygata i Sogndalstrand.